



Magne Rødland
Fonnebostvegen 252
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4204 - 16/195

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.01.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 106/17

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.12.15.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 og er avsett til LNF-føremål.
Landbrukseininga har stadfesta at det er drift på eigedomen. Tiltaket er soleis i samsvar med føremålet.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Teikningsgrunnlag

Motteke situasjonsplan er ikkje målsett, det er ikkje påført ytre hovudmål på tiltaket og heller ikkje påført minste avstand til eigedomsgrense og nærast bygg på eigedomen.

Det manglar fasadeteikningar av alle 4 fasadar.

Det manglar planteikninar av bygget.

Vatn- og avløp

Skal det førast vatn inn i bygget?

Privatrettslege tilhøve

Avstandserklæring er ikkje signert av Lindås kommune. De må ta kontakt med Eigedomsavdelinga i Lindås kommune for å få avklart plassering av garasje/driftsbygg nærare grense enn 4 meter.

Nabovarsel

Det er ikkje levert inn kvittering for motteke nabovarsel.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.



Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden må signerast.
2. Avstandserklæring signert av Lindås kommune, evt. søknad om dispensasjon frå avstandskravet i plan- og bygningslova § 29-4 må ligga ved søknaden.
3. Kvittering for motteke nabovarsel må sendast inn.
4. Plan-, snitt- og fasadeteikningar av bygget.
5. Situasjonsplan påført minste avstand frå bygget til eigedomsgrense, bygg på eigedomen, og ytre hovudmål på det omsøkte bygget.
6. Tilbakemelding på om det skal installerast vatn/avløp i bygget

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 03.02.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom de har behov for yttarlegare rettleiing ber vi om at de tek kontakt med byggesaksvakta. Byggesaksvakta har ope tysdag og torsdag mellom kl. 09.00 og kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring
5156n_kvittering-for-nabovarsel

Mottakarar:

Magne Rødland

Fonnebostvegen 252 5955

LINDÅS